



# ÅRSPLAN

Treungen barnehage 2019-2020

## LIVSMESTRING OG HELSE



## **INNHALD**

<b>Velkomen til barnehagen</b>	<b>s. 3</b>
<b>Satsingsområde</b>	<b>s. 4</b>
<b>Hovudmål</b>	<b>s. 4</b>
<b>Delmål</b>	<b>s. 4</b>
<b>Pedagogisk grunnsyn</b>	<b>s. 5</b>
<b>Utviklingsarbeid</b>	<b>s. 6</b>
-Inkluderande læringsmiljø	s. 6
-Digitalsatsing i barnehagar	s. 6
<b>Omsorg</b>	<b>s. 7</b>
<b>Leik</b>	<b>s. 8</b>
<b>Danning</b>	<b>s. 9</b>
<b>Læring</b>	<b>s. 9</b>
<b>Barns medverknad</b>	<b>s.10</b>
<b>Foreldres medverknad</b>	<b>s.11</b>
<b>Vurdering</b>	<b>s.11</b>
<b>By barnet opp til dans</b>	<b>s.12</b>
<b>Tilvenning</b>	<b>s.12</b>
<b>Samarbeid og samanheng med skulen</b>	<b>s.13</b>
<b>Heilt til slutt</b>	<b>s.13</b>

## VELKOMEN TIL BARNEHAGEN

Ny nasjonal "Rammeplan for barnehagen" blei innført 1.august 2017.

Planen finn du på [udir.no/rammeplan](http://udir.no/rammeplan)

Sitat frå Rammeplanen s 3:

***"Rammeplanen fastset utfyllande føresegner om innhaldet i og oppgåvene til barnehagen"***

Med utgangspunkt i Rammeplanen skal vi kvart år lage ein Årsplan for vår barnehage.

Sitat frå Rammeplanen s 37-38:

***"Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivingane til barnehagen".***

Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet (SU).

Desse er med i SU barnehageåret 2019-2020: (vararepresentantar i parentes)

Tor Gunnar Bø ( Arnt Olav Wessel Storkås ) for to år.

Asbjørn Homme (Marianne Vrålstad) for eitt år til.

Caroline Spies (Morten Rygh Pedersen ) for to år.

Liv Lia (Trine Trontveit) for eitt år til.

Jorun M. Johansson er styrar og sekretær for SU.

Gro Midtsund er einingsleiar for barnehage.

Innhaldet i Årsplanen bygger vidare på det vi har arbeidd med dei siste åra:

Trygghetssirkelen, leik, språk og relasjonar.

## SATSINGSOMRÅDE - LIVSMESTRING OG HELSE

Alle barnehagane i Nissedal kommune vil ha dette satsingsområdet. Dermed har vi eit felles utgangspunkt for samarbeid, planleggingsdagar og kurs.

Livsmestring og helse er eit av kapitla i Rammeplanen.

Kapittelet er kort, men rommar mykje. Sitat frå Rammeplanen s. 11:

### *"Livsmestring og helse*

*Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, mestring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.*

*Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen. Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.*

*Gjennom den daglege og nære kontakten med barna er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observere og ta imot informasjon om omsorgs- og livssituasjonen til barna. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette. Personalet skal kjenne til opplysningsplikta til barnevernet, jf. barnehagelova § 22."*

Dei fem barnehagane i kommunen har valt ut to ord som vi vil arbeide spesielt med dette året: fellesskap og livsglede.

## HOVUDMÅL 2019 - 2020

**Vi vil skape eit fellesskap fylt med livsglede**

### DELMÅL

- 1. Gje meg gode dagar**
- 2. Kom, bli med !**
- 3. Hjelp meg når eg strevar**

Desse delmåla blir utgangspunkt for avdelingsmøta våre.

Personalet skal få fagleg påfyll og reflektere saman rundt desse tre delmåla:

"Kva ligg i dette? Kva betyr det i møte med barna? Korleis må vi/eg vere?"

Og: "Kva kjenneteiknar eit godt fellesskap? Kva må til for å ha livsglede?"

Stikkord for vidare drøfting og planlegging:

### **Til 1. Gje meg gode dagar**

Born skal oppleve kvardagslykke og kunne fryde seg saman med andre i barnehagen. Dei vaksne skal oppmuntre og motivere til meistringsopplevingar gjennom kjærleik, omsorg og latter. Vi skal ha fokus på den gode kontakten med enkeltborn der vi tenkjer «så godt å sjå deg». Vi ynskjer å gje barna følelsen av å bli inkludert. Vi skal bruke banking time som metode i samspel med borna. Dagen skal innehalde kviletid der born får moglegheit til å kople av og slappe av. Vi skal også ha fokus på og legge forholda til rette for gode overgangar i kvardagen.

### **Til 2. Kom, bli med !**

Den vaksne skal vere til stades og vere engasjert gjennom å oppmuntre og legge til rette for godt og stimulerande samspel. Vi skal ta initiativ til leik og interaksjon der vi støtter born på å ta andre sitt perspektiv og deira egne grenser. Born skal få erfare å meistre samspel med andre og erfare å bli inkludert i eit fellesskap.

### **Til 3. Hjelp meg når eg strevar**

Vi ynskjer å bruke Konfliktløysningsmodellen i vårt arbeid. Dette inneber at vi må øve på å bruke modellen. Vi skal vere sensitive vaksne som er tett på og set namn på følelsar der vi tonar oss inn på borna sine signal. Born treng autoritative vaksne som er tydeleg og bestemt, men samtidig viser forståing, aksept og empati.

## **PEDAGOGISK GRUNNSYN**

Sjølv om vi har valt livsmestring og helse som satsingsområde, held vi fast ved at:

### **Det viktigaste er å få leike**

Denne haldninga skal prege tankane våre både i planleggingsarbeid og når vi er saman med barna i kvardagen.

## UTVIKLINGSARBEID

### Prosjekt "Inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule"

Nissedal og dei andre kommunane i Vest Telemark skal fram til hausten 2020 vere med i dette prosjektet i regi av utdanningsdirektoratet.

Innhaldet i prosjektet kan delast i tre nivå.

Vi skal ha fokus på vaksenrolla, og lære meir om korleis vi kan bidra til å:

- skape eit godt og trygt miljø i barnehage og skule
- førebygge krenkingar og mobbing
- handtere krenkingar og mobbing når det oppstår

Med utgangspunkt i boka «Mobbeatferd i barnehagen» ( Idsøe og Roland) skal dei tilsette arbeide med temaforståing, førebygging og tiltak kring mobbing i barnehagen.

Det er laga ein eigen implementeringsplan som viser korleis barnehagane skal arbeide med temaet. Arbeidet blir på individuelt nivå, i kvar enkelt barnehage og i felles fora der heile einiga er samla.

«Snakk med ungene. Si hva det er.  
Ikke vær redd for at det er trist og leit.  
Det verste er å bli holdt utenfor»

Anne-Cath Vestly

### Strategiplan for digitalisering i barnehagar og skular i Nissedal kommune

Kommunestyret vedtok på møtet i juni -18 ein strategiplan for digitalisering i barnehagar og skular i Nissedal kommune. Det ble løyva pengar til digitalt utstyr og opplæring av tilsette i barnehagane og skulane i kommunen.

Sitat frå Rammeplanen s 44:

**"Bruk av digitale verkøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn.**

**I samband med bruk av digitale verkøy skal personalet vera aktive saman med barna. Samtidig skal bruk av digitale verkøy brukast med omhug og ikkje dominere som arbeidsmåte."**

Dette barnehageåret vil satsinga vere å auke kompetansen hos personalet på dette feltet.

## OMSORG

*"Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik."* (Rammeplanen s 19)


Trygghetssirkelen har vi arbeidd mykje med dei siste åra, og den blir med oss vidare. Som de ser av illustrasjonen under, er Trygghetssirkelen laga med tanke på samspel foreldre– barn. Den handlar om tilknytning mellom barnet og viktige vaksne, og korleis vi kan forstå barnets behov.

Foreldra vil alltid vere "viktig vaksen nr 1".

Personalet i barnehagen kjem kanskje som nr 2?

I alle fall gir Trygghetssirkelen gode føringar for kva barnet treng av oss.

Vi må arbeide for å vere "trygg base –sikker hamn": som støttar barnet i utforsking og som tek imot barnet når det kjem til oss. Ein slags ladestasjon for trygghet og omsorg.



Teorien rundt Trygghetssirkelen seier oss mykje om kva barn i ulik alder treng, og kortversjonen er:

**Eittåringen:** "La meg vere tett innpå"

**Frå 1 til 2 år:** "Forstå meg og støtt meg i ulike følelsar"

**Frå 2 til 3 år:** "Hjelp meg i leiken"

**Frå 3 til 6 år:** "Fortell meg historier, la meg lære nye ting og leike med dei andre barna, men ver der når eg treng deg"

Eit skip er trygt i hamna, men det er ikkje det skip er bygd for.  
(ukjent)

## LEIK

*"Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast"* (Rammeplanen s 20)

Sidan 2012 har leiken hatt høg prioritet i vår barnehage. I fleire år satsa vi på kompetanseheving for alle i personalgruppa; møta våre blei bruka til å lære kvarandre meir om leik, og vi prioriterte kurs og litteratur med ulike innfallsvinklar til leik.

Barn vil leike!

Aleine, saman med vaksne, saman med andre barn.

Leiken er ein arena for samhandling og relasjonar, og vi må sjå til at alle får ta del i leik.

Leiken er den viktigaste staden å jobbe med førebygging av mobbing og krenkingar i barnehagen.

Vi skil mellom tre ulike vaksenroller når vi arbeider med leik:

- For dei minste er det viktig å vere i ein leikande relasjon til vaksne → vi må vere medleikar (vi er "ved sida" av barnet)  
Denne vaksenrolla er òg nyttig å bruke for å støtte større barn i leik.
- Etter kvart blir barna meir opptatt av å leike ved sida av eller med kvarandre → vi er observatør/rekvisitør (vi er "bak" barnet)  
Vi er "i kulissene" og hjelper for eksempel med konfliktløsning, finn utstyr og kjem med idear.
- Når vi ser at leiken går i stå eller at barn strevar med å komme med i leik, kan det vere nødvendig at vi er leikeledar (vi er "framfor" barnet).



## DANNING

*"Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen."* (Rammeplanen s 21)

Hovudmålet vårt dette året, *Vi vil skape eit fellesskap fylt med livsglede*, betyr at vi skal arbeide mykje med å byggje gode fellesskap.

Vi ønskjer å ha ein autoritativ vaksenstil. Det vil seie at vi vil bygge varme relasjonar og samtidig formidle tydelege grenser og forventningar.

Barn lærer som kjent meir av det vi gjer enn av det vi seier.

Vi må vere bevisste på at vi er rollemodellar: vi må sjølv gjere det vi vil barna skal gjere!

**«Stort er det mennesket som aldri  
har mistet barnet i sitt hjerte»  
Mencius**

## LÆRING

*"I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre.*

*... Nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane."* (Rammeplanen s 22)

Vi vil legge vekt på å undre oss saman med barna og å ta utgangspunkt i deira nysgjerrigheit.

Rammeplanen inneheld sju fagområder som skal vere ein del av innhaldet i barnehagen:

- kommunikasjon, språk og tekst
- kropp, rørsle, mat og helse
- kunst, kultur og kreativitet
- natur, miljø og teknologi
- mengd, rom og form
- etikk, religion og filosofi
- nærmiljø og samfunn

Kvart fagområde dekker eit vidt læringsfelt. I leik og kvardagsaktivitetar er ofte eitt eller fleire av fagområda representert.

I barnehagen vil fagområda bli knytt til kvardagssituasjonar som måltid, stell, av- og påkledning, leik og kos.

Frå 2-3årsalderen er rolleleiken eit godt utgangspunkt for å arbeide med fagområda. For dei eldste barna i barnehagen vil temaarbeid/aktivitetar i 5-årsklubben og elles vere eit naturleg supplement til leiken og kvardagssituasjonane.

Gode prinsipp frå Trygghetssirkelen kan òg vere ei rettesnor for korleis jobbe med fagområda:

**Eittåringen: "La meg vere tett innpå"**

**Frå 1 til 2 år: "Forstå meg og støtt meg i ulike følelsar"**

**Frå 2 til 3 år: "Hjelp meg i leiken"**

**Frå 3 til 6 år: "Fortell meg historier, la meg lære nye ting og leike med dei andre barna, men ver der når eg treng deg"**

Barnehagen brukar nynorsk som skriftspråk. Vi legg vinn på at barna skal møte nynorsk i kvardagen; i bøker, songar, rim og regler.

## **BARNES MEDVERKNAD**

**"Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen."**

(Rammeplanen s 27)

I alle drøftingar og situasjonar må vi hugse på barns rett til medverknad. Dei skal få gje uttrykk for kva dei meiner og kva dei vil. Vi må lytte, og vurdere korleis vi best kan ta vare på barnas ynskjer, interesser og behov.

*"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet."*

*Barnehagelova §3*

## FORELDRES MEDVERKNAD I PLANLEGGINGSARBEIDET

Vi vil bruke foreldremøtet i haust til å presentere og grunngje våre forslag til satsingsområde og målsettingar for Årsplanen, og opnar for innspel frå foreldra. Foreldra kan òg ta kontakt med oss eller foreldrerepresentantane i forkant av møtet i Samarbeidsutvalet, der Årsplanen skal fastsetjast, dersom dei har innspel.

Korleis vi skal samarbeide med foreldra om årsplanlegging og evaluering frå foreldra kommande år, vil vi gjerne drøfte i Samarbeidsutvalet.

Foreldresamtalane er ein aktuell arena for samarbeid og planlegging som gjeld enkeltbarn. Her kan både foreldre og personale ta opp saker ein ønskjer å drøfte eller samarbeide om.

Vi vil gjerne ha ein løpande dialog med foreldra.

Ved bringing og henting vil vi vere tilgjengelege for kontakt så langt det let seg gjere. Barna og barnegruppa treng oss "på golvet", men vi prøver å få tid til beskjedar og tilbakemeldingar.

Dersom de/vi vil ha ein lengre prat eller drøfte ting som er best å ta opp utan barn til stades, er det best å ringe.

Barnehagen inviterer til foreldresamtale to gonger i året. Fleire samtaler kan avtalast ved behov.

Velkommen til oss med tankar og innspel.

På stort og smått. Ris og ros.

Vi skal lytte så godt vi kan, og drøfte korleis vi kan ta det med i vidare planlegging.

## VURDERING AV DET PEDAGOGISKE ARBEIDET

Vi har avdelingsmøte ein gong i månaden.

Heile personalet møtast til fagleg oppdatering, refleksjon og informasjon.

Siste del av møtet arbeider vi avdelingsvis.

Evaluering av arbeidet vårt skal vere fast sak på desse møta.

Vi tek utgangspunkt i målformuleringane i Årsplanen og månadsbrev.

"Har vi nådd måla? Kva må vi jobbe meir med det?"

Ser vi andre og nye utfordringar?"

Denne evalueringa blir grunnlaget for mål og planar for den neste månaden.

Månadsbrev, som vi sender til dykk, skal innehalde:

- eit kort referat frå førre månad, med refleksjonar og evaluering
  - mål for månaden som kjem, gjerne med sitat frå Rammeplan eller Årsplan.
- Vi tek utgangspunkt i delmåla på side 5.
- informasjon om kva vi vil gjere, kva vi vil at barna skal oppleve/gjere og tankar om vaksenrolla
  - Dette året vil vi sende ut eit felles månadsbrev for heile barnehagen der vi også tar med innhald frå den enkelte avdeling.

## Å BY BARNET OPP TIL DANS, "Danseskjema"

"Å by barnet opp til dans" (Danseskjema) er eit system for dokumentasjon av barnehagens innsats over tid når det gjeld språkstimulering og –utvikling. Ordet "danse" er brukt fordi at å danse saman, krev at ein følgjer kvarandre i bevegelsar og trinn. På same måte er det å snakke saman eit komplisert samspel.

Arbeidsmateriellet som fylgjer skjemaet, legg vekt på personalet si rolle og kva dei kan bidra med.

Skjemaet kan fyllast ut av foreldre, pedagogar og fagarbeidarar/assistentar, og vil vere utgangspunkt for foreldresamtalane.

Vi har nå brukt Danseskjemaet i fleire år. Erfaringane er stort sett positive. I dei fleste tilfella er skjemaet eit godt utgangspunkt for drøftingar i personalet og i foreldresamtaler.

Det er lærerikt, men tidkrevjande å bruke Danseskjema med heile personalet på avdelinga. Vi må fordele arbeidet på fleire avdelingsmøter, og ikkje berre i samband med foreldresamtalene.

Danseskjemaet blir sendt til heimane saman med invitasjon til foreldresamtale. Då kan de gjere dykk kjent med skjemaet, og gjerne fylle det ut før samtala.

## TILVENNING AV NYE BARN

***"Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen"*** (Rammeplanen s 33)

Vi ønskjer å sette av god tid til tilvenning i barnehagen.

Foreldra til barn som skal starte i barnehagen får tilbod om ei oppstartsamtale. Vi inviterer barn og foreldre på besøk i barnehagen og oppmuntrer dei til å bruke barnehagens leikeplass, også når barnehagen er stengt.

Når barnet startar i barnehagen forventar vi at foreldra brukar god tid saman med barnet dei fyrste dagane. Kor lang tid kvart barn treng vil variere, og avtalast med personalet etter kvart

***"Personalet skal sørgje for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe."*** (Rammeplanen s 33)

Dette barnehageåret skal 3 åringane (f.2016) begynne på storesida 01.01.2020.

Hausten 2019 legg vi opp til at dei kan gjere seg kjent med rom, leiker, barn og personale på Storesida.

Personalet frå småbarnsavdelinga blir med dei på besøk.

Barna får vere med på å "flytte"; det vil seie å flytte korga si til den nye garderobeplassen sin.

## SAMARBEID OG SAMANHENG MED SKULEN

Nissedal kommune har ein plan for overgangar i utdanningsløpet: "Frå eldst til yngst". Denne planen omhandlar m.a. overgangen frå barnehage til skule. Målet er: Trygg og god skulestart

Planen skisserer diverse aktivitetar for dei som går det siste året i barnehagen, m.a.: 5-årsklubb i barnehagen, besøk på skulen, turar og aktivitetar saman med dei andre barnehagane og 1.klasse, førskuledagar. Planen blir delt ut til dei som har 5-åringar i barnehagen.

Vi har 5-årsklubb for barna som går siste år i barnehagen. Dei aktuelle heimane får tilsendt skriv om 5-årsklubben, med informasjon om mål og innhald.

Personalet frå barnehagen blir med på førskuledagane som skulen arrangerer om våren.

Den som skal vere kontaktlærer for 1.klasse blir invitert til å hospitere ein dag i barnehagen, og til å vere med på 6-årsfesten.

**HEILT TIL SLUTT** vil vi minne oss sjølv og kvarandre på at:

- satsingsområde i år er LIVSMESTRING OG HELSE
  - Gje meg gode dagar.
  - Kom, bli med !
  - Hjelp meg når eg strevar.

DET VIKTIGASTE ER Å FÅ LEIKE

**« Leik er den høyeste formen for forskning »  
A.Einstein**